



Arkivnr: 2015/203-11

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 391 mill. kr

Samandrag

Eit sertifikatlån på 391 mill. kr skal fornyast den 18. mars. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av Nordea Markets.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 391 mill. kr vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av Nordea Markets. Renta er 1,26 % fram til 18.03.2016.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.03.2015

Eit sertifikatlån på 391 mill. kr har forfall 18. mars. Renta har vore 1,738 % siste 6 månadene.

Fylkeskommunen har bunde renta på 58,6 % av låneporteføljen. Dermed er det ikkje rom for å binde meir innanfor grensene som er fastsett i finansreglementet.

Den seinare tida har det vore forventningar om ytterlegare fall i rentenivået. Dette har resultert i at ein kan få tilbod om lågare rente på eit 12-månaders lån enn på eit 3-månaders lån. Sidan fylkeskommunen har langsiktige lånebehov, er det ein fordel å låne i 12 månader framfor å rullere lånet t.d. kvar 3. måned. Når ein i tillegg kan få ei rente som ligg godt under det ein har budsjettert med, er ikkje fylkesrådmannen i tvil om at ein bør ta opp eit 12-månaders sertifikatlån denne gongen.

Bergen Capital Management har gjennomført anbodsrunder for fylkeskommunen. Det har kome inn følgjande tilbod den 12.03.2015:

Nordea Markets	1,260 %
DNB Markets	1,287 %
Danske Markets	1,310 %
Swedbank	1,340 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Nordea Markets.